



Fedje kommune

Kontaktopplysingar i dødsbu

Likelydande brev vert sendt alle kommunane i Hordaland tingrett sin rettskrins.

Vi viser til førespurnadar til retten om kontaktopplysingar for dødsbu.

Offentlege etatar og finansføretak med heimel i eigen lov kan sjølve henta ut informasjon om kven som er kontaktperson for dødsbu hos skatteetaten:

<https://www.skatteetaten.no/person/folkeregister/dodsfall/>.

Informasjon om nytt Folkeregister finn de her:

<https://www.skatteetaten.no/person/folkeregister/om/modernisering/>

I det nye Folkeregisteret vert kontaktopplysingar for dødsbu registrerte. Dersom slike kontaktopplysingar er registrerte på ein død person, vil du finne dette ved leieteksten "Postadresse". Her ser du namn på kontaktperson, ev. advokat/organisasjon og tilhøyrande postadresse til denne kontakten.

Domstolen oppmodar til bruk av tenesta. Tenesta reduserer ressursbruk og gir deg raskare tilgang til opplysningane.

Førespurnadar i slike saker vil heretter ikkje få svar, med mindre det går fram av førespurnaden at informasjonen ikkje finst tilgjengeleg i Folkeregisteret. Vi minner samstundes om at arvingane, etter arvelova § 117 og § 96, har 60 dagar på å melde inn skifteform til retten.

Vi ber om at de ventar til etter at fristen er gått ut med å be om opplysningar som ikkje ligg i Folkeregisteret.

Med helsing

Heidi Kildedal

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarliste:

Alver kommune

Askøy kommune

Austevoll kommune

Austrheim kommune

Bergen kommune

Bjørnafjorden kommune

Eidfjord kommune

Fedje kommune

Kvam herad

Masfjorden kommune

Modalen kommune

Osterøy kommune

Samnanger kommune

Ullensvang kommune

Ulvik kommune

Vaksdal kommune

Voss herad

Øygarden kommune